

SERVICEERKLÆRING

FOR FOLKEBIBLIOTEK, UNIVERSITETSBIBLIOTEKET OG BIBLIOTEK I DEN VIDAREGÅANDE SKULEN PÅ AGDER.



VISJON:

Vi skal skape eit univers av kunnskap og opplevingar.

SLAGORD:

Enkelt, nært og gratis
Biblioteket si oppgåve:
Biblioteket er ein demokratisk grunnpilar i Noreg og formidlar gratis, allsidig og aktuell kunnskap og kultur. Bruk av biblioteket gir auka innsikt og verdfulle opplevingar.

TENESTER SOM VERT GJEVNE:

Biblioteka på Agder stiller nesten to millionar bøker, filmar, musikkinnspelningar, lydbøker, tidsskrift, aviser, offentleg informasjon, teikneseriar og språkkurs til di rådvelde. Du får tilgjenge til internett, e-tenester og dataverkty. I tillegg får du svar på spørsmål, undervisning, litteraturformidling, utstillingar og tilskippingar på biblioteket. Biblioteka på Agder samarbeider om gode bibliotektenester, same kvar du bur på Agder. Biblioteket er ein attraktiv læringsstad og møteplass for alle. Tenestene er gratis.

DU KAN FORVENTE AV OSS:

- at vi møter deg med vørndnad og handsamar førespurnadane dine konfidensielt.
- at du får hjelp av kvalifiserte, dyktige og imøtekomande tilsette.
- at vi kan tinge materiale som er til utlån frå andre bibliotek dersom biblioteket du vitjar ikkje har det du spør etter.
- at du sjølv kan låne frå bibliotek over heile landet og velje hentestad på ditt lokale folkebibliotek.
- at du kan søkje i biblioteket sine samlingar på nett.
- at du får attendemeldingar på dei spørsmåla du har og melding om framdrifta for meir omfattande førespurnader så snøgt som råd.
- at du kan låne og levere kvar du vil på dei samarbeidande biblioteka på Agder.

DETTE VENTAR VI AV DEG:

- at du gjer deg kjend med lånereglementet og dei andre reglane på biblioteket og følgjer desse.

Saknar du noko? Tips oss.